

## Møtereferat

Dato: 15/01-2018

Emne:	<b>Referat frå møte 6 i kunstkomiteen for Bybanen, BT4.</b>		
Til stades:	Ingrid Haukeland (IH), Sølvi Marie Myrseth (SMM), Stein Dvergsnes (SD), Elisabeth Vaule (EV), Petra Rahm (PR), Ronny Skaar (RS), Tone Stedal Haugland (TSH), Hilde Skjeggestad (HS).		
Forfall:		Sak:	
Møtetid:	Fredag 12. januar kl. 09.00-11.30	Møtestad: BU, Fjøsangerveien 50 C, 3. etg. Møterom Danmarks plass IKT-rom	

**Møteleiar:** Hilde Skjeggestad

**Referent:** Tone Stedal Haugland, Hilde Skjeggestad

Sak	Emne	Vedtak	Ansvar / frist
1.	<i>Referat frå forrige møte.</i>	Referat blei godkjend utan merknader.	
2.	<i>Orienterings saker</i>	<p>a. Status BU si kuttliste BU må kutte kostnader for kr 500 mill. Prosess har gått føre sidan før jul. Etter planen skal endeleg vedtak fattast fredag 12. januar 2018.</p> <p>b. Status prosjekteringsarbeid Ingen spesielle forhold.</p> <p>c. Status kunstprosjekt Hilde hadde kontakt med Jan Freuchen før jul, med tanke på eit kunstprosjekt i Fyllingsdalen, i tråd med komiteens vedtak i førre møte. Han er svært interessert. Sidan BU sine kuttkrav potensielt vil kunne råke Fyllingsdalen, er prosjektet sett noko på vent. Dette er fordi byggearealet i Fyllingsdalen då vil bli redusert til eit minimum, og at den framtidige utviklinga av området vil bli styrt av planer som enno ikkje ligg føre og der BU heller ikkje vil ha ei rolle. Kunstnar er orientert om stoda.</p>	
3.	<i>Kunstplan.</i>	<p>a. Drøfting prioriteringar i lys av noverande situasjon.</p> <p>Komiteen venter på melding om kva kutt som blir endelege. I fall bygging av torg og kollektivterminal i Fyllingsdalen går ut, vil komiteen ikkje lenger prioritere Fyllingsdalen som hovudprosjekt, men prioritere Kristianborg.</p> <p>Til liks med Fyllingsdalen står og Kristianborg framfor store endringar. Bybanestoppet skal etablerast under bru i Fjøsangervegen, ved tunnelinnslaget mot Fyllingsdalen. Her blir både Bybanetunnel og tunnel for gåande og syklende. Kristianborg blir eit viktig byttepunkt, der det skal etablerast gode overgangar mellom Bybanestoppet og busshaldeplassar på begge sider oppe i Fjøsangervegen. Samstundes blir Bybanestoppet ledd i eit nytt tverrsamband mellom bustadområda på vestsida og området aust for</p>	

		<p>Fjøsangervegen. Bybaneutbygginga har som mål å etablere ein grøn allmenning frå Løvstakksida til ei transformert Mindemyren med nyopna kanal. Dette skal opna for friare ferdsel for gåande og syklende og gjera Mindemyren meir attraktiv for ny næring og bustadbygging. Dei to tunnelane frå Kristianborg til Fyllingsdalen, skaper nytt samband mellom bydelane.</p> <p>Prosjektering vil halde fram til mai/juni, anbodsteikningar skal ut i september.</p> <p>Vedtak: Kunstkomiteen ønsker at Jan Freuchen går inn i eit forprosjekt på Kristianborg i lag med med arkitektar og landskapsarkitekt, etter same prinsipp som planlagd for Fyllingsdalen. Mål for forprosjektet er utvikling av ein best mogleg situasjon for innbyggjarar og reisande gjennom deltaking i prosjekteringsarbeidet, og å arbeide fram eit grunnlag for eit godt påfølgande kunstprosjekt. Budsjetttramme for forprosjektet blir 150 000. Budsjettsum for sjølve kunstprosjektet fastsettast seinare.</p> <p>Hilde kontaktar kunstnar, og lagar utkast til kontrakt og delplan for Kristianborg. Eit innleiande arbeidsmøte kan skje i februar, når ny LARK er på plass.</p> <p>Ein mindre budsjettsum for Fyllingsdalen blir sett av, i håp om å kunne få til eit prosjekt ved eit seinare høve, ev. i samarbeid med Bergen kommune.</p> <p>b. Presentasjon av haldeplassen på Haukeland. Sølvi viste bilete av førebels planar for haldeplassen på Haukeland, med hovudvekt på forholda inne. Plattformhallen vil ligge omlag 30 m under bakken (frå øvste nivå Haukeland). Inngang i sør (S1) kan skje både frå Haukelandsvegen v/busstopp (hovudinngang), og frå eit nivå over. Frå inngang går ein djup transportsjakt med heis og rulletrappar ned til nedste nivå. Breidde ca. 12 m. Det høgreste rommet kan vere ein mogleg stad for eit kunstprosjekt. Sjølve plattformhallen blei i liten grad gjennomgått. Frå inngangen i nord (N3) kjem ein lang gangtunnel fram mot plattformhallen, kanskje med ei lita «lunge» undervegs. Ein reknar at om lag 2/3 av alle reisande vil nytta inngangen frå sør, 1/3 inngang mot nord. I alt reknar ein med om lag 14 500 reisande dagleg.</p> <p>Komiteen blei og gjort merksam på fleire inntil 8 m høge luftevolum som kjem over bakken ved Haukeland.</p> <p>Komiteen tok presentasjonen til orientering. Haukeland som mogleg lokalitet for kunst blir tatt opp att i komande møte.</p>	HS
4.	<i>Budsjett.</i>	Eit revidert tentativt budsjett blei presentert. Mykje er enno usikkert med tanke på kva kunstprosjekta vil gå ut på. Budsjetttrammene for dei enkelte prosjekta vil bli justert.	
5.	<i>Framdrift</i>		
6	<i>Dersom tid: Kunst i</i>	Utsett til seinare møte.	

	<i>vognene? Tak, lydannonseri ng.</i>		
7.	<i>Møteplan.</i>	Avtalast pr. epost.	
8.	<i>Ev.</i>	Det var ingen saker til Ev.	

Vedlegg: